

BACHELOROPPGÅVE

KVIFOR ER DEI BESTE BEST?

Ei oppgåve basert på intervju med tre toppspelarar frå Sogn og Fjordane, og spelarutviklar i Sogn og Fjordane Fotballkrets.

av

Kandidatnummer
6 og 34

Idrett og kroppsøving
Id3-302
Desember 2010

Innholdsliste

Modell.....	3
Forkortingar.....	4
Forord.....	4
Samandrag.....	5
1 Innleiing og bakgrunn for problemområde.....	5
1.1 Toppfotballsenteret.....	6
1.2 Problemområde og problemstilling.....	6
2 Teori.....	7
2.1 Talentomgrepet og utfordringar med talentidentifisering.....	7
2.1.1 Det snevre og utvida talentomgrepet.....	8
2.1.2 Den relative alderseffekten.....	8
2.1.3 Talentomgrepet i denne oppgåva.....	9
2.2 Sosial påverknad – Viktige personar.....	9
2.3 Treningsmengd og 10 000 timars regelen.....	10
2.4 Allsidigheit og spesialisering.....	11
2.5 Motivasjon.....	11
3 Metode.....	12
3.1 Val av metode.....	13
3.2 Ustrukturerte intervju.....	14
3.3 Djupneintervju.....	14
3.4 Slik gjorde me det.....	14
3.4.1 Utval.....	15
3.4.2 Utfordringar.....	17
3.4.3 Diskusjon.....	17

4	Resultat og diskusjon.....	17
4.1	Samarbeid mellom topp og breidde	18
4.2	Talentidentifisering	18
4.3	Treningsmengd	19
4.4	Allsidighet.....	20
4.5	Motivasjon	20
4.6	Små lokalsamfunn og tidleg tillit.....	22
4.7	Sosialisering – Viktige personar	23
5	Konklusjon	23
6	Vegen vidare.....	24
7	Referanseliste.....	25
	Vedlegg 1.....	27
	Vedlegg 2.....	30

Modell

	Figur 1: Viktige personar.....	10
--	--------------------------------	----

Forkortingar

SFFK = Sogn og Fjordane Fotballkrets

TFS = Toppfotballsenteret

NFF = Norges Fotballforbund

NTF = Norsk Toppfotball

NIF = Norges Idrettsforbund og Olympiske og Paralympiske komité

Forord

Denne oppgåva er skriven av Knut Hauge og Nils Einar Sørhoel. Me er studentar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling Idrett og Lærarutdanning. Oppgåva er ein del av vår bachelorgrad i Idrett og Kroppsøving. Me har skriva om erfaringane til toppspelarar som har vore gjennom systemet til Sogn og Fjordane Fotballkrets (SFFK), og sett på dette i forhold til tankar spelarutviklaren i SFFK har gjort seg kring talent og talentidentifisering.

Me vil takka dei tre spelarane og spelarutviklaren som me har intervjuet for deira samarbeidsvilje, og vegleiaren vår, Frode Fretland, for god hjelp og oppmuntring. Me vil òg takka våre medstudentar for hyggeleg samvær undervegs i prosessen med oppgåveskrivinga.

Samandrag

I denne oppgåva har me teke føre oss utvalde toppspelarar frå fotballfylket Sogn og Fjordane, og undersøkt kva dei meiner var viktig i si eiga utvikling og suksess i norsk toppfotball. Me har òg sett på korleis Sogn og Fjordane fotballkrets (SFFK) arbeidar med talentidentifisering i fylket, og korleis dei største talenta vert fylgde opp. Me har sett på teori kring talentomgrepet og tema knytte til talentutvikling. Me har intervju tre spelarar frå Sogn og Fjordane, samt spelarutviklaren i SFFK, og med utgangspunkt i desse intervju har me forsøkt å finna likskapar og ulikskapar mellom spelarane sine erfaringar og sett på dei i lys av det som kom fram gjennom intervjuet med spelarutviklaren. Det kjem fram at ei enorm mengd av aktivitet, særleg knytt til fotball, har vore ein framtrødande faktor for utviklinga til alle dei spelarane me har intervju. Det har òg vist seg å vera godt samsvar mellom spelarane sine erfaringar, og spelarutviklaren sine tankar om og arbeid med talent i fylket i dag.

1 Innleiing og bakgrunn for problemområde

Me er begge interesserte i fotball, og me er i gang med trenarutdanning og trenar lag i breiddefotballen. Me reknar med å vera involverte i den lokale fotballen framover, og ville derfor finna eit prosjekt som kunne vera både nyttig og interessant i den samanhengen. I tillegg har me fatta interesse for prosjekta til Toppfotballsenteret (TFS), og ynskte å skriva ei oppgåve som kunne knytast opp mot delar av dette arbeidet.

Me har valt problemområdet vårt ut frå eit ynskje om å jobba med den lokale fotballen, samstundes som me altså vart inspirert av problemområda som TFS har sett opp som sine fokusområde. Det temaet frå TFS som oppgåva vår ligg nærast, er det som går på ulike fotballmiljø. Det har lenge vore kjent at Sogn og Fjordane over tid har utmerka seg ved å levera eit høvesvis stort antal spelarar til landslaga på alle aldersnivå, særleg aldersbestemt (SFFK 2010). Me fann det derfor interessant å sjå

på kva nokre av spelarane som har fått si "fotballanning" i dette fylket, meiner om kvifor nettopp dei har nådd landslagsnivå.

Fokuset på miljø har i denne oppgåva grunnlag i ei innsnevring og spesifisering av problemområdet, for at me ikkje skal femna for vidt i ei såpass kort oppgåve.

Oppgåva er ikkje meint som eit innlegg i debatten om arv vs. miljø.

1.1 Toppfotballsenteret

Toppfotballsenteret (TSF) er ei gruppe av fagpersonar, som er sett saman med formål om å samle inn, systematisera og vidareføra forskning som har vore gjort internasjonalt og nasjonalt i høve fotball. Målsetjinga til TFS er at Noreg skal bli verdsleiande på å frambringe, oversetja, formidla og implementera akademisk kunnskap til god fotballpraksis. TFS har definert fire sokalla flaggskipprosjekt. Eitt av desse flaggskipprosjekta går ut på å identifisera suksesskriteria ved verdas beste land, klubbar og miljø (Olafsen, Jordet 2010 og Olafsen m.fl. 2009).

1.2 Problemområde og problemstilling

I oppgåva vår ville me undersøka kva faktorar dei utvalde spelarane meiner har vore avgjerande for at dei har lukkast i fotballen. Me ville òg sjå på korleis kretsen arbeidar for å få fram talent. Det vart tidleg klart at det å sjå på både spelarerfaringar og kretsen sitt arbeid, var eit stort problemområde, og for ei oppgåve av dette formatet, såg me det naudsynt med ei innsnevring av problemområdet. Me bestemte oss for å bruka intervju i innsamlinga av data, og at fokuset skulle vera på spelarane, med kretsen som bakteppe. Meir om valet av metode og begrunning kjem me attende til i methodedelen. Problemstillinga me til slutt kom fram til, er:

Korleis forklarar nokre utvalde toppfotballspelarar frå Sogn og Fjordane eigen suksess? Og korleis samsvarar dette med spelarutviklaren sine tankar om og arbeid med talent i fylket i dag?

2 Teori

I teoridelen vil me trekka inn, og visa til, teori som omhandlar talent og talentutvikling. Me tek kort for oss talentomgrepet og definisjonsproblematikken kring dette, og me dreg fram nokre utfordringar for talentidentifisering som fylgje av problema med å definera omgrepet. Me seier òg noko om vår bruk av talentomgrepet. Vidare vil me sjå på nokre viktige tema innan talentutvikling, som sosial påverknad, treningsmengd, allsidigheit og spesialisering, og motivasjon.

2.1 Talentomgrepet og utfordringar med talentidentifisering

Kva er eit talent? I denne oppgåva vert omgrepet talent brukt både i høve spelarane me har intervjua, og i høve dei instruksane *Spelarutviklar* har i høve det å identifisera og utvikla dei største fotballtalenta i Sogn og Fjordane. Me, og spelarane sjølve, omtalar dei som talent. *Spelarutviklar* snakkar om talent og talentidentifisering. Trass i ei stor interesse for omgrepet *talent*, finst det lite utgreiing om det i litteraturen. Omgrepet er sjeldan definert, men det vert ofte nytta i samband med at ein utøvar har eit talent og at andre ikkje har det. Det er ofte uklart kva som ligg til grunn ved karakterisering av eit idrettsleg talent (Enoksen 2002). Henriksen (2008 i Mong 2009:4) har definert talent som *”et sæt karakteristika, kompetencer og evner, der er utviklet på basis af medfødte potensiale og mange års træning, konkurrence og interaktion med det omkringliggende miljø”*, han ser altså på talent som noko som

er samansett av både naturlege, gitte føresetnader, og utvikling i eit miljø. Reilly m.fl. (2003) seier at det er åpenbart at nokre individ har naturlege gåver, og er kapable til å springa fortare og visa overlegne balldugleikar samanlikna med sine jamaldringar. Likevel er det ikkje garantert at desse individa vil nå sitt fulle potensiale i vaksen alder, dei vil òg vera avhengige av forplikting til trening og vedvarande interesse. Det at talentomgrepet er så vanskeleg å definera, gjer det til ei ekstra stor utfordring å skulle identifisera talent. I fylgje Reilly m.fl. (2003), er det vanskelegare å identifisera talent i lagspel enn i individuelle idrettar, fordi at lagspel, som fotball, krev meir samansette dugleikar. Når ein i tillegg veit at kriteria for kva som er eit talent, og kven som har det, kan vera svært ulike frå miljø til miljø, og frå person til person, vil det ofte avhenga av den som skal velja ut talenta, kven som vert rekna som talent.

2.1.1 Det snevre og utvida talentomgrepet

Det snevre talentomgrepet forstår talent som noko statisk og gitt (arv). Fokuset er på prestasjonar i tidleg alder, noko som sjeldan seier noko om framtidige dugleikar og prestasjonar. Gjennom det snevre talentomgrepet vert talent oftast identifisert *"på grunnlag av prestasjonar på et gitt alderstrinn sammen med modningsbestemte fysiske egenskaper og fysisk utvikling"* (Ommundsen 2009:170).

Det utvida talentomgrepet definerer talent som *"evne og mulighet til å utvikle sitt potensial henimot idrettsekspertise"* (ibid.). Med det utvida talentomgrepet forstår ein altså talent som dynamisk; eit potensiale som kan utvikla seg og påverkast ved hjelp av motivasjon og vilje. I fylgje Ommundsen (ibid.) vil dette potensialet inkludera faktorar som *"teknikk, fysiske egenskapar, interesse, motivasjon, treningsinnsats, mentale ferdigheter/læringsstrategier, muligheter i miljøet"*.

2.1.2 Den relative alderseffekten

Den sokalla relative alderseffekten er ofte ei utfordring i identifiseringa av talent. Fleire studiar har observert ein overrepresentasjon av unge utøvarar fødde tidleg på året i sin aldersklasse i høve speletid, uttak på lag til konkurransar, og i sokalla talentgrupper som vert gitt spesiell merksemd og ekstra trening og vegleing. Når kriteria for systematisk rangering og utveljing av utøvarar vert basert på fysiske modningskriteria, kan dette danne stereotypieffektar som vert sjølvoppyllande


profetiar; dei som vert rekna som talentfulle, får meir merksemd, betre vegleiing og meir konkurranse- og treningstid. I motsetnad får dei som ikkje vert rekna som talentfulle mindre merksemd, mindre vegleiing og mindre konkurransetid og treningstid (Ommundsen 2009). Det vert eit problem når det er dei som er størst og sterkast, dei som er komne lengst i den fysiske modningsprosessen, som vert rekna som dei største talenta. Det er viktig å ikkje sjå seg blind på fysikk, for då risikerar ein å missa fleire av dei som verkeleg kunne blitt gode. Tidlegare løyste NFF dette ved å dela spelarane inn i klassar frå august til august, og ikkje etter fødselsår (januar til januar) slik som i dag. Problemet vart ikkje løyst på den måten, berre forskyvd.

2.1.3 Talentomgrepet i denne oppgåva

I vår oppgåve forstår me talentomgrepet til å omhandle dei utøvarane, eller spelarane, som i relativt tidleg alder viser potensiale, eller evner, som gjer at dei med målretta arbeid truleg vil kunne nå langt innan den bestemte idretten, i vårt tilfelle fotball. Dette potensialet omfattar både tekniske, mentale og fysiske eigenskapar. Å ha eit talent handlar ikkje nødvendigvis om kor god du er no, men om kor god du kan bli gjennom målretta arbeid. Denne forståinga ligg utan tvil innanfor det utvida talentomgrepet. Ut frå det som kom fram i intervjuet, meiner me at alle intervjuobjekta delar denne omgrepsforståinga med oss.

2.2 Sosial påverknad – Viktige personar

Sosiologiske undersøkingar har komme fram til at ein viktig del av suksess i idrett er sosialiseringa i den gitte kulturen. Familie og foreldre/føresette er ofte dei som introduserar borna for idretten, dei har òg innverknad på borna sine verdiar, kjensler, og haldningar. Når dei kjem inn i den organiserte idretten, vert ungane introduserte for trenaren, og det er han eller ho som er ansvarleg for den vidare utviklinga i idretten. I tillegg til foreldre/føresette og trenarar, vil skulelærarar, jamaldringar, vener og medspelarar, vera med på å forma spelarane sin personlegdom. Det er difor viktig at ein tek høgde for det sosiale aspektet i identifiseringa og utviklinga av talent (Reilly, Williams 2003).



Figur 1: Viktige personar. Denne modellen viser korleis viktige personar spelar inn på spelaren sin personlegdom. Modellen er ei forenkling av Reilly m.fl. (2009) sin modell om påverknad frå andre (Reilly m.fl. 2009:316).

2.3 Treningsmengd og 10 000 timars regelen

I norsk media har mellom andre Finn Aamodt referert til den sokalla 10 000 timars regelen når det er snakk om kor mykje trening som krevst for å nå internasjonalt toppnivå innan idrett. Det finst mykje forskning som tyder på at kor mykje og korleis ein trenar vil ha stor påverknad på kor god ein idrettsutøvar kan bli. Trass i at det finst mange ulike faktorar som spelar inn på prestasjonsnivå, er det, i fylgje Williams og Ford (2008), liten tvil om at omfattande erfaring i ein idrett er nødvendig for å nå dei høgste prestasjonsnivåa. Ford m.fl. (i Williams, Ford 2008) undersøkte forskjellar i mengde fotballspesifikk allsidigheit i tidleg aldersfase blant engelske ungdomsspelarar i fotball som fekk kontrakt og dei som ikkje fekk tilbod om kontrakt då dei fylte 16 år. Dei som fekk tilbod om kontrakt hadde i gjennomsnitt opparbeidd 2592 timar i form av løkkefotball i alderen 6 til 12 år. Dei som ikkje fekk kontrakt hadde opparbeidd rundt 1100 timar i same aktivitet (Williams, Ford 2008) . ”*Tidlig spesialisering i form av tidlig systematisk og strukturert trening (“Deliberate Practice”) i en idrett, fravær av supplerende idrettslig aktivitet og omfattende konkurransedeltagelse i en idrett virker derimot negativt*” (Ommundsen 2009:179).

Læringsforskarar innanfor ekspertlæring i ulike dugleiksfelt, har kome fram til at skal ein lukkast på det høgste nivået, så vil det ta ca. 10 år, eller opp mot 10 000 timar, med målretta trening frå du er nybyrjar til du når toppnivå (Mong 2009). Sjølv om det er viktig å bruke mykje tid på bevisst trening både individuelt og saman med laget, har seinare forskning vist at det også er viktig å delta i ustrukturert og leikprega aktivitet. Denne typen aktivitet har vist seg å vera eit vesentleg bidrag til utviklinga av idrettsekspertise (Williams og Ford 2008). Slik me forstår det, går både organisert og uorganisert aktivitet inn under 10 000 timars regelen.

2.4 Allsidigheit og spesialisering

Allsidigheit i tidleg alder i form av involvering i fleire idrettar og mykje tid brukt på leikprega spel og idrett, gjev ei positiv avkastning på seinare prestasjonar og motivasjon til vidare deltaking. *"Forskning tyder på at man trenger mindre idrettsspesifikk trening i spesialiserings- og investeringsfasen når man har allsidighet av slik art som plattform før disse fasane tar til"* (Baker, Côté og Abernethy i Ommundsen 2009:180).

Etter regelverket til NIF, skal idrett for born (t.o.m. 12 år) *"foregå på barnas premisser, være allsidig med et mangfold av tilbud og aktiviteter, og den skal ha plass til alle (...). Tidlig spesialisering skal ikke forekomme"* (Ommundsen 2009:163). Det vert opna for aukande spesialisering og konkurransefokusering i ungdomsidretten (13-25 år), men idretten skal *"til enhver tid avpasses de unges utvikling, forutsetninger og behov"* (ibid.: 164). Allsidigheit vert framleis verdsett i ungdomsidretten (ibid.). Normar og reglar for idrettspraksis, som NIF har utforma sentralt, er *"velmente og pedagogisk sett konstruktive"* (ibid.). Barneidrettsmodellen til NIF skil seg i fylgje Augestad og Bergsgaard (i Ommundsen 2009) klart frå tilsvarande bestemmelsar i andre land. I New Zealand vert det t.d. eksperimentert med *"formaliserte programmer med henblikk på talentidentifisering i ung alder, hvor tidlig spesialisering anses helt legitimt og nødvendig fra idrettsorganisasjonenes side"* (Collins 2008 i Ommundsen 2009).

2.5 Motivasjon

Det vert ofte, og truleg med god grunn, hevda at motivasjon er avgjerande for om ein lukkast eller ikkje i idretten. Har du motivasjon til å lukkast, vil du ha større

føresetnader for å gjera det som må til for å lukkast og bli god. Dersom motivasjonen ikkje er til stades, vil det derimot vera svært vanskeleg å komma langt. I fylgje Pensgaard og Hollingen (2006), tyder dei fylgjande kjenneteikna på at det er motivasjon til stades hjå utøvaren: høg innsats, uthald, engasjement, vilje og tru og entusiasme.

Motivasjon kjem, i fylgje Brattenborg og Engebretsen (2007), fyrst og fremst innanfrå. Alle som har prøvd veit at det er umogleg å motivera ein person for ei oppgåve, dersom denne sjølv ikkje er motivert for det som skal gjerast.

Ein skil ofte mellom ytre og indre motivasjon. Brattenborg og Engebretsen (2007:96), meiner at det ikkje alltid er like lett å skilja mellom dei to, fordi at i begge tilfelle har den personen det gjeld *"et motiv og motivasjon for å gjennomføre øvelsene eller arbeidsoppgavene"*. Det er først og fremst årsaka til motivasjonen som er ulik. Ved indre motivasjon er sjølve arbeidsoppgåva, eller aktiviteten, nok til å gi motivasjon. Dette er t.d. tilfellet når ein gjeng ungar spring ut på løkka med ein ball og spelar, utan at det er nokon trenar eller andre til stades som styrer aktiviteten. Ytre motivasjon går ut på at det å gjennomføra ei oppgåve kan gi deg enkelte fordelar eller belønningar (ibid.:97). T.d. kan det å få ros eller anerkjenning frå trenarar eller medspelarar under trening eller kamp, vera med på å motivera unge spelarar til å yta sitt beste. I fotballen kjem ein heller ikkje utanom den motivasjonen som ligg i dei høge lønene som dei beste spelarane får.

3 Metode

Metode kan i fylgje Halvorsen (2008:20) definerast som *"(...) læren om de verktøy en kan benytte for å samle inn informasjon"*.

Dei ulike forskingsmetodane kan i hovudsak delast inn i kvalitative og kvantitative metodar. Kva type metode ein nyttar, vert først og fremst avgjort av kva type data ein vil produsere. Kvalitative data seier noko om eigenskapar (hjá t.d. personar) som ikkje kan talfestast, og dei førekjem som tekst eller verbale utsegner (Halvorsen 2008). Valet av metode, vil i følgje Halvorsen (ibid.) avgjerast av fleire ulike forhold. Me vil ikkje greia ut om desse her, men nokre av dei kjem me attende til når me skal grunngi vårt val av metode.

3.1 Val av metode

Val av forskingsmetode vil, i fylgje Halvorsen (2008), vera med å avgjera kva ein finn ut. Oppgåva vår baserar seg på ei kvalitativ tilnærming, der me har intervjuar utvalde spelarar frå Sogn og Fjordane og spelarutviklar i SFFK. Halvorsen (ibid.), nemner fleire forhold som er avgjerande for valet av metode, og metodevalet vårt baserar seg i hovudsak på dei tre fylgjande forholda; føremålet med undersøkinga, tilnæringsmåten og problemområdet.

Føremålet med undersøkinga

Halvorsen (2008:129) seier at dersom føremålet er *"å utvikle en helhetlig forståelse av spesifikke forhold"*, vil det krevja ein *"intensiv strategi med få undersøkelsesenheter og mange variabler. (...) det betyr at kvalitative studier må basere seg på små utvalg"* (ibid.). Dette meinte me gjekk rett inn under det me ville undersøka i vårt prosjekt, då me var interesserte i å finna ut kva dei utvalde spelarane meiner ligg til grunn for eigen suksess, og me ynskte å sjå på dette i ein heilskap – kvifor lukkast nettopp desse spelarane?

Tilnæringsmåte

Hovudskiljet går mellom induktiv og hypotetisk-deduktiv tilnæringsmåte. Den induktive er den som vanlegvis vert sett saman med kvalitative metodar (Halvorsen 2008). Med ei induktiv tilnærming freistar ein *"å nærme seg en virkelighet man ikke kjenner, uten klare hypoteser, noenlunde forutsetningsløst og med en lite presis problemstilling"* (ibid.:128). I vårt tilfelle var den røynda me ville utforska, dei utvalde spelarane si utvikling.

Problemområdet

Det er ikkje vanleg å ta utgangspunkt i ei presis problemstilling ved ein induktiv tilnæringsmåte. Ein må likevel ha eit visst utgangspunkt for forkinga, *"det må være formulert noen forskningsspørsmål"* (Halvorsen 2008:129). Eit viktig spørsmål vil vera kva metodar vil gi data som er mest mogleg relevante i høve problemstillinga (ibid.). Sidan me ville vita noko om meiningane og tankane til spelarane og spelarutviklaren, og ikkje hadde ein veldig presis problemstilling, fann me det best å bruka ei kvalitativ tilnærming, nærare bestemt intervju.

3.2 Ustrukturerte intervju

Ein samtale, eller eit informantintervju, skjer munnleg, med så lite styring som mogleg frå intervjuaren, og der informanten fører ordet (Halvorsen 2008). I følgje Halvorsen (ibid.), er dette ein relevant metode mellom anna når ein er interessert i noko som alt har skjedd, noko me i vårt tilfelle var i høve til spelarane som skulle fortelja oss om korleis dei gjekk frå unge talent til toppspelarar.

Ustrukturerte intervju kan baserast på ein intervjuguide, utforma ut frå problemstillinga for prosjektet; ei liste over tema. Ein er vanlegvis fleksibel, og ein kan omformulera spørsmål og endra intervjuguiden basert på det ein finn ut i dei første intervju (Halvorsen 2008). Trass i ei meir heilskapeleg forståing, og ulike synsvinklar på problemstillinga, kan det i forhold til eit meir strukturert opplegg, vera negativt at ein ikkje får stilt dei same spørsmåla til alle intervjuobjekta (Halvorsen 2008).

3.3 Djupneintervju

Om ein er ute etter djupare forståing av motiv, åtferd og personlegdom hjå ein person, kan djupneintervju, eller intensive intervju, vera nyttige. *"En slik metode forutsetter imidlertid en fortrolighet mellom intervjuer og intervjuperson (informant)"* (Halvorsen 2008:138).

3.4 Slik gjorde me det

Me nytta oss av ei slags blanding av ustrukturerte intervju og djupneintervju. Me førebudde intervju ved å laga ein intervjuguide for spelarane, og ein for *Spelarutviklar*. Desse bestod av henholdsvis 23 og 16 spørsmål, i tillegg til ein del underspørsmål (Vedlegg 1 og 2). Intervjuguidane var meint som inspirasjon for å få i gang ein samtale, og spora den inn mot tema me ville ta opp. Sidan me var opptekne av å spora spelarane inn mot dei same tema, ville me ikkje sleppa strukturen heilt, slik som er vanleg i ustrukturerte intervju. Og me var ute etter ei forståing av mellom anna motivasjonen til spelarane gjennom barne- og ungdomstida. Intervju vart gjort i fylgjande rekkefylgje: *Spelar 1, Spelar 2, Spelarutviklar, Spelar 3*. I det fyrste

intervjuet fylgde me intervjuguiden (Vedlegg 1) i noko større grad, og stilte fleire direkte spørsmål, enn i dei andre intervju, der samtalanegjekk meir av seg sjølv. Dette kan ha fleire årsaker; kanskje var det ein kombinasjon av erfaringen frå fyrste intervju, og det at *Spelar 1* var den yngste me intervju, og at det dermed var lettare for dei andre å reflektere utan hjelp, sidan dei har ting meir på avstand.

Grunnen til at me gjekk for intervju (kvalitativ) og ikkje spørjeundersøking (kvantitativ), var at me heller ville skaffe djupare kunnskap om nokre får spelarar, enn å få ei meir overflatisk oversikt over emnet. I tillegg ville me intervju *Spelarutviklar* for å kunne setja spelarane sine erfaringar i samanheng med kretsen sitt arbeid.

3.4.1 Utval

Når me skulle sjå på utviklingsprosessen til utvalde toppspelarar, og deira tankar om kvifor dei har nådd landslagsnivå, var det eit sjølv sagt kriterie for intervjuobjekta at dei hadde spelt landslagsfotball. Sidan det høvesvis store talet på landslagsspelarar frå Sogn og Fjordane særleg gjeld for aldersbestemte landslag, fann me det hensiktsmessig å forstå landslagsnivå som både seniorlandslag og eldste aldersbestemte landslag.

Med toppspelarar meiner me i denne oppgåva spelarar som har spelt på dei to øvste nivåa i norsk herrefotball, og som har vore innom landslaga på aldersbestemt og/eller seniornivå. Denne definisjonen kan forsvarast i høve Norsk Toppfotball (NTF) sine vedtekter og kriterier for medlemmar av interesseorganisasjonen NTF. Kriteria seier at klubbar som spelar i dei to øvste divisjonane i Noreg (herrefotball), kan vera medlem av NTF (NTF 2010). Det viktigaste kriteriet utanom landskampar, var at spelarane har vore i systemet til SFFK over lengre tid.

Om intervjuobjekta

Dei tre spelarane er fødde med ca 10 års mellomrom, *Spelar 1* er yngst, og *Spelar 3* er eldst. Dette gav oss ei ekstra vinkling i høve likskapar og/eller ulikskapar mellom dei.

Felles for dei tre spelarane me har intervju, er at dei kjem frå små lokalsamfunn, og har gått vegen gjennom mindre klubbar i Sogn og Fjordane før dei kom til Sogndal. Alle har spelt for Sogndal i Tippeligaen og/eller Adeccoligaen/1.divisjon. Dei har òg

spelt fleire landskampar på aldersbestemt og/eller seniornivå. Alle tre er fødte i første halvdel av kalenderåret.

Spelar 1 og *Spelar 2* var med på organisert fotball heilt frå miniputt, og dei kom begge inn i kretssystemet på smågutenivå. Begge var faste innslag på aldersbestemte landslag frå 15-års alderen. Dei vart henta til Sogndal etter ungdomsskulen, og begge gjekk vidaregåande skule der.

Spelar 3 er altså den eldste av spelarane me snakka med, og han skil seg noko ut frå dei to andre. Han kom ikkje inn i den organiserte fotballen før på smågutenivå. Sjølv om han kom rett inn i kretsen sine tiltak då han byrja med organisert fotball, var *Spelar 3*, i motsetnad til dei to andre, aldri aktuell for aldersbestemte landslag. Han kom heller ikkje til Sogndal som 16-åring, men gjekk vidaregåande skule nærare heimbygda, samstundes som han spelte for sin lokale 3.divisjonsklubb fram til han var ca 20 år.

Spelarutviklar har hatt denne jobben i SFFK i sju år, minus eitt års permisjon. Han er utdanna lærar, med mellomfag i idrett og engelsk, og har trenar II kurs i fotball.

Trenarerfaringa hans er brei, med erfaring frå både dame- og herrefotball på lågare nivå, samt nokre år i barnefotballen. Som spelar har han erfaring frå 4. til 7. divisjon. Hovudinstruksen til spelarutviklarane i kretsane, etter handlingsplanen til NFF, går ut på *"å identifisere, kartlegge og utvikle spelarar mellom 13 og 16 år, som har spesiell interesse for fotballen med tanke på rekruttering til toppfotballen"* (*Spelarutviklar*).

Dette er den overordna arbeidsoppgåva. Under dette ligg fire fokusområde, eller grunnpilarar: trenarutvikling, instruktørkorpset, samarbeid med toppklubb, og dei beste frå 13 til 16 år (NFF). Det siste punktet går ut på *"kartlegging og oppfølging av dei aller, aller beste. Går på direkte oppfølging på toppgruppesamlingar og mellom samlingar ute i klubb. Ser ein kamp eller trening. Sikre at dei beste har ein kamp og treningsarena som er best for dei"* (*Spelarutviklar*).

At det er ca. 10 års aldersskilnad mellom kvar spelar, er ikkje eit direkte bevisst val, men då me gjorde valet i høve kva spelarar me ville intervjua, var det eit poeng for oss at me ville ha med ein spelar som har vore i kretssystemet i løpet av dei siste 5 åra. Dette var fordi me ville sikra ein relevans i høve *Spelarutviklar* og det som har skjedd i kretsen i hans tid der. I etterkant ser me at det meste av det *Spelarutviklar* snakka om og la vekt på, er like relevant i høve dei to andre spelarane òg, trass i at

det er lenge sidan dei høyrde til i det som er spelarutviklarane si fokusgruppe (13-16 år).

Det at me ville intervjuja spelarutviklaren i SFFK, heng i hovudsak saman med ynskjiet om å kunne setja spelarane sine erfaringar i samanheng med kretsen sitt arbeid.

3.4.2 Utfordringar

I samband med arbeidet med denne oppgåva, støytte me på ei utfordring i høve anonymiseringa av intervjuobjekta. Det å anonymisera spelarar frå Sogn og Fjordane som har spelt landslagsfotball på seniornivå, er ei utfordring fordi at sjølv om talet er relativt stort i høve innbyggjartalet i fylket, er det faktiske talet ikkje spesielt stort. Det at Sogn og Fjordane berre har èin toppklubb gjer ikkje anonymiseringa enklare. Når me i tillegg tek med mykje om bakgrunnen til spelarane, som me meiner er vesentleg for heilskapen i oppgåva, vil det ikkje krevja mykje av lesaren dersom han ynskjer å finna ut kva spelarar det er snakk om. Denne utfordringa vart teken opp med intervjuobjekta, som gav forståing for dette, og godkjende dei delane som gav størst utfordringar i høve anonymitet.

3.4.3 Diskusjon

Med utgangspunkt i problemstillinga vår, der fokus er på spelarane sine forklaringar av eigen suksess, meinte me at det ikkje ville vera relevant å generalisera på grunnlag av det som kom fram i intervjuet. Fokuset vårt vart retta mot å få fram dei utvalde spelarane sine meiningar, trekkja ut viktige likskapar og eventuelle ulikskapar dei imellom, og mellom dei og *Spelarutviklar*, og knyta dette opp mot relevant teori.

4 Resultat og diskusjon

I gjennomgangen av intervjuet me gjorde med dei tre spelarane frå Sogn og Fjordane, har me komme fram til nokre fellestrekk; nokre tema som går att hjå spelarane, og som me vil sjå nærare på. Desse tema ser me òg i lys av intervjuet med kretsen sin spelarutviklar.

4.1 Samarbeid mellom topp og breidde

Spelarutviklaren var klar på at eit godt samarbeid mellom toppklubbane og breiddeklubbane, samt kretsen, er viktig. Etter hans oppfatting er ikkje dette samarbeidet godt nok i Sogn og Fjordane i dag, sjølv om det har vore betring dei siste åra. Samstundes la han fram ei påstand om at den knekken me ser i resultat frå Noreg sine aldersbestemte landslag og over på a-landslaget, har bakgrunn i at Tippeligaen og Adeccoligaen har for dårleg nivå som kamparena for dei beste spelarane når dei når seniornivå, i høve spelarar frå t.d. Spania. På yngre landslag, har Noreg hevda seg bra lenge, medan dei eldste, inkludert a-laget, ikkje har hatt den same suksessen i høve resultat og særleg kvalifikasjon til meisterskap. Dette samsvarar med det *Spelar 1* sa om sine opplevingar frå yngre aldersbestemt landslagsfotball: *"[Eg] har både spelt uavgjort mot Spania og slått Italia. Det er ikkje stor forskjell. Forskjellen er vel at spelarane på Spania spelar på Barcelona. Dei er ikkje så mykje betre, men dei har ein betre treningskvardag, dei trenar med dei beste og spelar med dei beste"* (*Spelar 1*).

4.2 Talentidentifisering

Spelarutviklar sa at han ikkje trur sone- og kretstiltak er avgjerande for spelarane i høve dugleiksutvikling. På dette området er kvardagen ute i klubbane mykje viktigare. Tiltak i regi av kretsen er derimot viktige i høve kartlegging og det å få referansepunkt, både for spelarane sjølve og for dei som jobbar med talenta. I fylgje *Spelarutviklar* er det viktig for kretsen å identifisera dei mest talentfulle spelarane tidlegast mogleg, slik at ein kan vera med og påverka ein større del av prosessen, og samstundes ha gode mogleikar til å bli godt kjend med spelarane. Dette er viktig for å få kjennskap til meir enn berre det som kan sjåast ute på bana. Her spelar både spelaren sine eigne mentale eigenskapar, og kva påverknad han får frå andre ei viktig rolle. I tillegg til at *Spelarutviklar* er rundt for å sjå dei i kamp og trening, skal spelarar som kretsen tek ut i sine toppgrupper i dag, m.a. skriva treningsdagbøker, slik at *Spelarutviklar* lettare kan fylgja med på treningskvardagen deira ute i klubbane.

Identifisering av talent, er ei vanskeleg og samansett oppgåve, fordi det som nemnt ikkje er nok berre med gode dugleikar ute på bana. Likevel er aktivitetsnivået det

første *Spelarutviklar* ser etter. Han er ute etter dei som er ”høgt og lågt”. Han meiner det er avgjerande for dei unge spelarane dersom dei vil nå langt, at dei har eit høgt generelt aktivitetsnivå, gjerne med fleire ulike aktivitetar og idrettar, i tillegg må dei sjølv sagt bruka mykje tid med fotballen.

Dei tre spelarane som me intervjuar, var alle tidleg inne i kretssystemet, og var med på samlingar i kretsen sin regi frå smågutealder (12-13 år) og fram til dei var 16 år. *Spelar 1* og *Spelar 2* var òg innom tiltak på nasjonalt nivå alt frå 15-års alderen, og har spela regelmessig på aldersbestemte landslag heilt opp til eldste nivå. Då våre utvalde spelarar var i kretssystemet, var ikkje ordninga med treningsdagbøker på plass. Dei hadde ikkje direkte kontakt med krets utanom samlingane, sjølv om dei var bevisste på at representantar frå kretsen var til stades på enkelte kampar, og treningar med klubben. Den direkte kontakten er altså noko som har komme i dei siste åra. Trass i ei tettare oppfølging av dei største talenta, og eit auka fokus på dette frå kretsen si side, er *Spelarutviklar* klar på at den viktigaste jobben framleis vert gjort ute i dei lokale klubbane, og at ulike kretstiltak, og tilhøyrande turneringar, ikkje har noko viktig effekt på utviklinga av spelarane sine tekniske dugleikar. Dette tilseier at det framleis er avgjerande for dei som vil nå langt å driva mykje eigeninitiert aktivitet. Dersom *Spelarutviklar* har rett i at tidleg seniorfotball går ut over dugleikstreninga, vil eigentreninga vere særleg viktig for dei dette gjeld.

4.3 Treningsmengd

Gjennom intervjuar kom det fram at alle tre spelarane meiner at den enorme mengda av trening, særleg særleg uorganisert og leikprega aktivitet med ball, har vore avgjerande for deira utvikling, og dei har ei felles oppfatning av at dette er den viktigaste enkeltårsaka til eigen suksess. Dei har lukkast fordi dei brukte meir tid på fotball enn andre. Spesielt var *Spelar 2* klar på dette: *”Eg trur at grunnen til at eg er komen dit eg er i dag, er at eg rett og slett har lagt ned mykje meir timar enn mange av dei andre eg vaks opp med. Eg trur dei kunne vorte like gode – dei var like gode. (...) Dei hadde ikkje den go’en som eg – den lysta, eller kall det kva du vil”* (*Spelar 2*). Dette heng godt saman med 10 000 timars regelen. Samstundes forsvarar det *Spelarutviklar* sitt fokus på aktivitetsnivået når han skal identifisera dei talenta som kretsen vil satsa på. Undersøkingane mellom unge fotballspelarar i England, som viste at 16-åringar som fekk kontraktar hadde spelt meir enn dobbelt så mykje

uorganisert fotball som dei 16-åringane som ikkje fekk kontrakt, tydar òg på at spelarane kan ha rett i at den enorme mengda aktivitet har vore avgjerande for deira suksess.

4.4 Allsidigheit

Spelarutviklar meiner altså at det er viktig for dei unge spelarane å ha eit ekstremt høgt generelt aktivitetsnivå, og at det kan vera ein fordel å driva ulike aktivitetar og idrettar, i tillegg til mykje tid med ball.

Spelar 2 og *Spelar 3* dreiv begge med andre idrettar i tillegg til fotball i barneåra.

Spelar 2 som dreiv aktivt med friidrett, handball og alpint fram til han var 16 år og reiste til Sogndal, meinte sjølv at han hadde fått med seg mykje lærdom frå desse aktivitetane, som han kunne ta med inn i fotballen. Særleg gjaldt dette ein del fysiske aspekt. *Spelar 3* deltok ikkje i organisert fotball før i 12-års alderen, men var ein talentfull alpinist, og satsa på alpint heilt fram til 16-års alderen, då han valde å satsa på fotballen istaden. Sjølv om dei var positive til ei allsidig idrettsbakgrunn, var dei to spelarane begge klare på at når ein når ein viss alder (15-16 år), må ein ta eit val på kva idrett ein vil satsa på dersom ein vil nå toppen. Både spelarane sine egne erfaringar, og *Spelarutviklar* sine meiningar om allsidigheit, kan forsvare den norske barneidrettsmodellen, som seier at det ikkje skal skje tidleg spesialisering, og som verdset allsidigheit vidare inn i ungdomsåra.

4.5 Motivasjon

Når me spurte spelarane om kva som var den viktigaste motivasjonen deira for å driva med fotball i starten, var det nokre stikkord som gjekk att hjå alle tre; venner, sosialt og morosamt. Det at det var ein vennegjeng som spelte fotball, at dei vart ein del av ei sosial gruppe gjennom fotballen, var det som fekk desse gutane til å spela så mykje fotball som dei gjorde, i tillegg til at dei syntest at sjølve aktiviteten var morosam. Det var altså ei blanding av indre og ytre motivasjon heilt ifrå starten. Denne motivasjonen gjaldt både den uorganiserte og den organiserte aktiviteten. Når spelarane så fekk erkjenning for sine talent gjennom uttak til krets- og sonesamlingar, var dette med på å auka motivasjonen. Både *Spelar 1* og *Spelar 2* fortalte at det å bli utteken til kretslag, og å få prøva seg med og mot dei beste spelarane i fylket, var ein viktig motivasjon for å bli endå betre. *Spelar 3* var klar på at uttaket til kretsen var ein viktig faktor i hans avgjerd om å satsa på fotball og ikkje alpint, det gjorde at han fann

ut at *"ok, eg har eitt eller anna som kan drivast vidare"* (Spelar 3). Det kan altså tyda på at etter kvart som spelarane tok nye steg i utviklinga, vart den ytre motivasjonen, særleg det å få anerkjening av andre gjennom m.a. uttak til krets, viktigare. Vidare uttak til regions og landslagssamlingar, var for *Spelar 1* og *Spelar 2* viktige for å motivera dei til å utvikla seg vidare for å ta det neste steget. *Spelar 1* sa fylgjande om sitt første møte med landslagsfotballen som 15-åring: *"Berre det å få vere med på noko slikt, var den siste motivasjonen til å satse. At du ser at du er blant dei beste. Det hjelper på at du skal trykke til"* (*Spelar 1*).

Spelar 1 og *Spelar 2* sa litt om motivasjonen då dei vart henta til Sogndal som 16-åringar. *Spelar 1* la vekt på at han fekk ein trygg start, ved at han fekk koma gradvis inn i miljøet, samstundes som han vart leigd ut att til heimklubben og spelte kampar med dei i helgane: *"Det gjorde det lettare å komme inn i miljøet (...) når du visste at kunne reisa heim igjen i helgane til noko trygt"* (*Spelar 1*). *Spelar 2* trekte fram det at det ikkje vart stilt store krav til han i starten på Sogndal-karriera. I byrjinga gav ikkje trenaren han bestemte oppgåver når han vart sendt ut på bana, og han meinte sjølv at *"[eg] var heldig slik sett trur eg, at eg fekk litt slik fridom"* (*Spelar 2*). Kravet om prestasjon kom, i fylgje *Spelar 2*, først seinare, når media og andre vart meir merksame på han. Dette viser at sosialiseringssprosessen, det å finna seg til rette og å føla seg trygg i miljøet, spelar ei viktig rolle i høve det å motivera seg til å prestera og å utvikla seg vidare. Den indre motivasjonen, det å ha det morosamt med fotballen, var framleis ei viktig drivkraft etter at spelarane var henta til toppklubben. For alle tre spelarane kom det tydeleg fram at det å få spela på seniornivå for heimklubben alt frå tidleg alder, var ein viktig faktor for både motivasjon og eiga utvikling både mentalt og fysisk. *Spelar 3*, som spelte for sin lokale klubb i 3.divisjon fram til han var 20 år, fortalte korleis han opplevde det å få tillit på a-laget sjølv som ung spelar: *"Me var veldig lite benkeslitarar, det var bra. Me fekk ein flying start på senioropplevinga, spelte mykje, og vart ei viktig brikke i laget. Til tross for ung alder"* (*Spelar 3*).

4.6 Små lokalsamfunn og tidleg tillit

Alle spelarane me har intervjuja kjem frå små lokalsamfunn, og har snakka om korleis det var viktig at alle gutane var med og spelte fotball, for at klubben i det heile kunne stilla lag i aldersbestemte klassar. *Spelar 1* spelte med eldre spelarar allereie frå barnehagealder og miniputt, fordi dei var så få i heimbygda. *"[Eg] har alltid spelt med dei som var eldre. Ofte opp i tre års forskjell på 7arlaget. Og på miniputtturneringar, der me måtte slå saman for å få lag. Spelt med 87 i alle år"* (*Spelar 1*). Også *Spelarutviklar* peikar på at det er viktig i eit land som Noreg at flest mogleg er med i breiddefotballen, og at det derfor er viktig at ein kan stilla lag òg i små lokalsamfunn: *"I Noreg er me så få at me må ha med flest mogeleg når me skal finna toppspelarremne. Det er utruleg viktig at det er lag på Veitastrond, og det er utruleg viktig at det er lag i Kjølisdalen og på andre småplassar"* (*Spelarutviklar*).

Samstundes har dei tre spelarane alle opplevd at dei sjølve og andre som tidleg viste potensiale, vart tidleg satsa på i eigen klubb, samstundes med at dei vart tekne ut til kretsen sine tiltak.

Nettopp det at dei fekk prøva seg tidleg på seniorfotball, vart trekt fram av alle tre spelarane som ein av dei viktigaste faktorane i høve deira eiga utvikling. Dei tre spelarane meinte at terskelen for å ta opp unge spelarar i seniorfotballen, er lågare i klubbar på små plassar, fordi ein ikkje har like mange spelarar å velja mellom som klubbar frå større plassar.

Spelarutviklar meiner at *"tidleg kontakt med vaksenfotballen er ein del av suksessgrunnlaget for at me produserar så mange toppspelarar som me gjer [i Sogn og Fjordane]"* (*Spelarutviklar*). Samstundes trur han òg at spelarane mistar noko vesentleg dersom dei vert tekne opp i seniorfotballen for tidleg. Særleg meiner han at det vil gå ut over dugleikstreninga, og han er oppteken av at dei beste spelarane må få mogleiken til å dominera på sitt eige nivå. Nettopp dei tekniske dugleikane er det området der *Spelarutviklar* meiner SFFK har mest å henta i høve andre kretsar, som t.d. Hordaland og Rogaland.

Alle fire intervjuobjekta våre deler oppfattinga av at nettopp det at spelarar frå mindre klubbar rundt om i fylket får tidlegare kontakt med seniorfotball, samanlikna med dei spelarane som veks opp i Sogndal, er ei viktig medverkande årsak til at dei fleste lokale spelarane i Sogndal sin a-stall, ikkje kjem frå Sogndal.

4.7 Sosialisering – Viktige personar

Alle dei tre spelarane fortalte om einskildpersonar som hadde vore både viktige og avgjerande for deira utvikling som fotballspelarar.

Dei trekte òg fram andre som var viktige for deira utvikling som fotballspelarar. *Spelar 1* fortalte kor viktig spelarutviklaren i Sogndal Fotball var for dei unge spelarane som var i klubben samstundes som han sjølv. *Spelar 2* la vekt på måten trenarane i heimklubben tidleg gav han tillit og ekstra merksemd i høve den lokale satsingsgruppa, og han meinte det var positivt for han at dei trenarane han hadde på gutelaget, samstundes var trenarar for kretslandet. Det at faren hans hadde fleire trenaroppgåver medan han var ung, var i fylgje *Spelar 2* òg med på å fremja interessa for fotballen. Og då han kom opp på a-laget og spelte saman med spelarar som faren hadde trena då dei var yngre, vart han lettare "godteken" fordi dei kjende han att. For *Spelar 3* var den viktigaste einskildpersonen trenaren som henta han opp på det lokale 3.divisjonslaget. Denne trenaren var sentral då *Spelar 3* seinare gjekk til Sogndal, og han var overtydd om at denne personen hadde hatt ei heilt avgjerande rolle i hans fotballkarriere.

I tillegg til desse einskildpersonane, var den sosiale biten, det å spela fotball saman med jamnaldringar, og å vera del av eit lag, viktig for alle tre spelarane. *Spelar 3* fortalte at nettopp dette var den avgjerande faktoren for hans val av fotball framfor alpint.

5 Konklusjon

Det kjem fram av våre intervju med tre toppfotballspelarar frå Sogn og Fjordane at hovudfaktoren for deira suksess, i eigne auge, er den enorme mengda med fotballtrening, kanskje særleg den eigeninitierte og uorganiserte leiken med ball, og anna aktivitet og idrett. All denne aktiviteten ville truleg ikkje funne stad utan den motivasjonen som spelarane opplevde. Felles for dei alle er at den opprinnelege motivasjonen, det som fekk dei til å byrja med fotball, var ei ytre påverknad gjennom ein omgangskrets der fotball stod sentralt og som gjorde dei til ein del av eit fellesskap, samt den indre motivasjonen gjennom den gleda dei opplevde gjennom sjølve aktiviteten, leiken med ball. Etter kvart vart denne motivasjonen supplert med ei ytre påverknad, gjennom andre si anerkjenning av det talentet dei viste på fotballbana og uttak til samlingar på lokalt, regionalt, og nasjonalt nivå. Når dei vart satsa på, både i eigen klubb, og gjennom kretsuttak, vart dette ein inspirasjon til å satsa endå meir, og bli endå betre. Samstundes varte den indre motivasjonen, gjennom gleda over å spela, heile perioden fram mot toppen.

6 Veggen vidare

I høve vårt eige problemområde, og kva spelarar frå Sogn og Fjordane har om eiga suksessoppskrift, kunne det vore aktuelt med ei meir kvantitativ tilnærming, med t.d. ei spørjeundersøking, for å sjå om dei fellestrekka me fann hjå våre intervjuobjekt

også vil gjera seg gjeldande innanfor eit større utval, eller om det ville vore andre ting som kom fram. Kvalitative intervju med fleire spelarar kunne òg vore aktuelt.

I fylgje spelarutviklaren i SFFK, og dei tre spelarane me har intervjuja, kan ein av årsakene til at det ikkje er fleire sogndøler på Sogndal sitt a-lag, vera det at Sogndal sine gutespelarar ikkje får prøva seg på seniornivå i like stor grad, og like tidleg, som spelarar ute i mindre klubbar; tidleg kontakt med vaksen fotballen er viktig. Dette er eit problemområde som kunne vore eit spanande utgangspunkt for ei ny oppgåve. Det kunne vore interessant, i ei meir omfattande oppgåve, t.d. på masternivå, å samanlikne andre kretsar med våre funn, t.d. Akershus Fotballkrets som har betydeleg fleire toppklubbar, og då større konkurranse om spelarar/talent. Her kunne ein òg hatt meir fokus på kva funksjon og rolle fotballkretsen har i utviklinga av talent. I ei større oppgåve kunne det òg ha vore freistande å knyta til seg erfaringar frå landslagstrenarar. Då kunne me trekt inn både erfaringar og prosedyrar i samband med uttak og oppfylgging på nasjonalt nivå.

7 Referanseliste

Intervju:

Spelar 1: Intervju med *Spelar 1* 23.11.2010

Spelar 2: Intervju med *Spelar 2* 25.11.2010

Spelar 3: Intervju med *Spelar 3* 07.12.2010.

Spelarutviklar: Intervju med *Spelarutviklar* 03.12.2010

Bøker og artiklar:

- Brattenborg, Engebretsen 2007: Brattenborg, Steinar, Engebretsen, Berit *Innføring i kroppsøvingsdidaktikk 2. utgave* Kristiansand: Høgskoleforlaget 2007
- Enoksen 2002: Enoksen, Eystein *Utviklingsprossensen frå talent til eliteutøver, En longitudinell og retrospektiv undersøkelse av en utvalgt gruppe talentfulle friidrettsutøvere*. Oslo: Norges idrettshøgskole 2002
- Halvorsen 2008: Halvorsen, Knut Å *forske på samfunnet, En innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag 2008
- Mong 2009: Møllerstrand Mong, Frank *Talentutvikling i fotball. En kvantitativ undersøkelse av spillerutviklere i Norge vedrørende deres oppfatning av hva som skal til for å lykkes i fotball*. Kristiansand: Universitetet i Agder 2009
- Ommundsen 2009: Ommundsen, Yngvar *Hvem er talentene, må vi spesialisere tidlig, og hva er en god trener?* i Johansen, Bjørn Tore, Høigaard, Rune og Besse Fjeld, Jon (red) *Nyere perspektiv innen idrett og idrettspedagogikk*. Kristiansand: Høgskoleforlaget 2009
- Pensgaard, Hollingen 2006: Pensgaard, Anne Marit, Hollingen, Even *Idrettens mentale treningslære*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag 2006
- Reilly m.fl. 2003: Reilly, Thomas, Williams, A. Mark, Richardson, Dave i Reilly, Thomas og Williams, Mark (Red). *Science and Soccer. Second Edition*. New York: Routledge 2003
- Williams, Ford 2008: Williams, A. Mark, Ford, Paul R. *Expertise and expert performance in sport*. i *International Review of Sport and Exercise Psychology* Vol. 1, Nr. 1, Mars 2008
- Internettlenker:**
- NFF 2010: NFF spelarutvikling
http://www.fotball.no/Landslag_og_toppfotball/spillerutvikling/Spillerutvikling_13-16_aar/Spillerutviklere-i-krets/, lasta 19.11.2010
- NTF 2010: *Vedtekter for norsk toppfotball* www.toppfotball.no, lasta 15.12.2010
- Olafsen, Gjerdet 2010: Olafsen, Espen og Gjerdet, Geir 2010 *Kan FORSKNING gjøre norsk fotball bedre?*
<http://www.dinesider.no/customer/016271/default.asp?layout=article&id=866>, lasta 15.12.2010

Olafsen m.fl. 2009: Olafsen, Espen, Gjordet, Geir, Aasen, Sigmund, Andersen, Thor Einar 2009 *Toppfotballsenteret*

<http://www.dinesider.no/customer/016271/default.asp?layout=article&id=808>, lasta 15.12.2010

SFFK 2010: Årsmeldingar 1998-2010

http://www.fotball.no/Kretser/sogn_og_fjordane/krets/om_krets/Arsmelding-og-terminliste, lasta 14.12.2010

Vedlegg 1

Intervjuguide – Spelarar

Kvifor er dei beste best?

Barneåra – intro

1. Kva er ditt fyrste fotballminne?
2. Når starta du med organisert fotballtrening?
3. Kva var den største påverknadskrafta i starten?

(Familie/venner)

Treningskvardag

4. Korleis var kvardagen i din lokale klubb?
 - a. Anna aktivitet (kva dreiv du med?)
 - b. Kor ofte trena du?
 - i. Organisert – fotball og anna aktivitet
 - ii. Uorganisert – fotball og anna aktivitet

- c. Var det forskjell vinter og sommar?

Uttak

- 5. Når vart du teken ut på kretstiltak? (alder)
- 6. Korleis var ditt fyrste møte med kretsen? (motivasjon, forventningar, nervøsiteteit nivåforskjell, osv..)
- 7. Korleis endra treningskvardagen din seg etter uttaket?
 - a. Eigentrening, meir/annleis
 - b. Vart krets eit tillegg til, eller erstatta det noko av treningane med den lokale klubben. *Jamfør svar på 4c*
- 8. Førte uttaket til at du la meir vekt på fotball i høve andre aktivitetar? *Jamfør svar på 4c*
- 9. Vart du fylgt opp av krets utanom tiltaka?

Sonelag/kretstiltak

- 10. Var du "fast inventar" på kretssamlingar etter første gong du vart utteken?
- 11. Kor ofte var du med på tiltak? Var de på turneringar?
- 12. Endra oppfølginga frå kretsen seg etter kvart som du vart eldre og var på fleire samlingar? (spelarutviklar)
 - a. Inn mot lokal klubb
 - b. I høve deg som enkeltspeelar
- 13. Endra treningskvardagen din seg meir etter kvart som du var på fleire samlingar?
 - a. Eigentrening, meir/annleis
 - b. Erstatta kretstiltaka noko av aktiviteten med den lokale klubben. *Jamfør svar på 7*
- 14. Kor lenge var du med på andre (organiserte) aktivitetar?
- 15. Når merka du at Sogndal som toppklubb kom inn i biletet?
 - a. Endringar som følgje av dette (motivasjon, eigentrening)

Toppgruppe/landslag/SIL

16. Når var du første gong i kontakt med landslaga?
17. Når var du første gong utteken til landslagssamling?
18. Endra treningskvardagen din seg meir med landslagsuttak?
 - a. Eigentrening, meir/annleis
 - b. Erstatte landslagstiltaka noko av aktiviteten med den lokale klubben eller krets.

Jamfør svar på 4, 7, 13

19. Kor avgjerande meiner du at kretsen var i høve det å bli teken ut på landslag?
20. Var du nokon gong på prøvespel/hospitering med/i Sogndal (jr./sr.)? Når?
 - a. I kor stor grad var kretsen involvert i denne prosessen?

Tilbakeblikk

21. Var kretstiltaka avgjerande for di satsing på fotballen?
22. Var det noko du sakna i høve kretstiltaka? (Er det ting du i etterkant ser kunne/burde vore gjort annleis?)
23. Er det spesielle personar utanom krets/landslag du vil trekka fram som viktige for di utvikling?

Vedlegg 2

Intervjuguide – spelarutviklar

Kvifor er dei beste best?

Intro

1. Kor lenge har du hatt jobben som spelarutviklar i Sogn og Fjordane Fotballkrets (SFFK)?
2. Kva bakgrunn har du i høve utdanning og fotballfagleg erfaring?
3. Er jobben som spelarutviklar ein fulltidsjobb?

Stillingsbeskriving (kva går jobben som spelarutviklar ut på?)

4. Kva er hovudinstruks frå din arbeidsgivar som er forbundet?
5. Kor viktig er samarbeidet mellom krets og toppklubb(ar), og korleis fungerer dette?
 - a. Korleis synest du at det fungerer?
6. Kva er di rolle i høve kretssamlingar/bylag o.l.?
7. Brukar du mykje tid på eiga utvikling i høve relevante eigenskapar (kommunikasjon m.m.) og kunnskap? (Fokusområde 1)
8. Korleis jobbar du opp mot instruktørkorpset og utvikling av trenarar? (Fokus.2/3)

Oppfølging av spelarar

9. Har forbundet/kretsen ein klar definisjon på talentbegrepet?
10. Korleis plukkar du/de ut talenta (som de vil satsa på)?
 - a. Kva dugleikar legg du/de mest merke til?
11. Når og korleis kjem du inn i prosessen med talenta første gong?
12. Er du åleine om oppfølginga av dei beste spelarane?
13. Kor mykje føl du opp i høve dei lokale klubbane? (Fokus.1)
14. Har du mykje kontakt inn mot landslag/forbund, og korleis fungerer dette? (Fokus.4)
 - a. Korleis synest du at det fungerer?
15. Arbeidar du noko opp mot føresette og skular? (Fokus.1)
16. Er det utfordringar i høve det at mange av dei du skal samarbeida med (lokale klubbar og krets) er deltidsansette eller jobbar ”dugnad”?

